

# SAMARBEIDSAVTALE/PARTNERAVTALE

mellom

**Aksello AS**  
(heretter også kalla AKSELLO)

og

**Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS**  
(heretter også kalla KPSF)

## 1. Bakgrunn

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS (KPSF) og Aksello AS er del av SIVA sitt inkubasjonsprogram, med nedslagsfelt i Sogn og Fjordane.

Med bakgrunn i utviklingsprosjekt som vart gjennomført i 2016, ser partane viktigheita av å framstå samla ovanfor næringsliv og grunderar i fylket, samt samarbeide om å styrke tenestene gjennom deling av kompetanse, nettverk mv.

## 2. Forankring

- Utviklingsprosjekt inkubator, styringsgruppas vedtak pr 6.9.2016
- Utviklingsprosjekt inkubator, sluttrapport pr. 9.9.2016
- Føringer fra SIVA knyttet til tilskudd gjennom inkubasjonsprogrammet pr. 4.10.2016

## 3. Formål

Partane skal jobbe for at inkubasjonsarbeidet i fylket skal framstå som eit heilheitleg tilbod for grunderar og næringsliv, og der igjennom styrke den totale inkubatorsatsinga i fylket.

Partane er spesielt opptatt av samarbeid innan følgjande områder:

- Koordinert tenestetilbod.
- Felles kommunikasjonsplan.
- Koordinert bruk av felles infrastruktur (kontor, møterom, nettverksarena, virtuelle møteplassar, testfasilitetar etc).
- Koordinert idefangst.
- Felles prosessar og vertøy/malar for inkubasjon.
- Felles kompetansebase, kven kan kva, CV mv.
- Koordinert kompetanseutvikling mellom programbedriftene.
- Fast informasjonsutveksling-. status målbedrifter, kompetansetilførsel, nettverk, aktivitetar og kapital/finansiering.
- Felles økosystem for programbedriftene.

Partane har utarbeidd ein operativ plan basert på punkta ovanfor, som er vedlagt denne avtale (Vedlegg 1). Planen skal årleg evaluerast av partane i fellesskap.



#### 4. Fortrulegheit og konfidensialitet

Partane skal bevare tausheit om de fortrulege opplysningar frå den andre part i løpet av samarbeidet. Forpliktelsen gjelder all informasjon, opplysningar, data og know-how i dei dokumenter som er mottatt og/eller er gitt i anna form eller medium og enten er merka «konfidensielt» eller som ble opplyst om at var konfidensiell natur.

#### 5. Kontaktpersonar

Kontaktperson for partane er dagleg leiarar i selskapa.

Aksello og KPSF fastset rutinar for jevnlege møter mellom partene for å sikre løpende kontakt og dialog om avtalen.

#### 6. Avtalens gyldigheit, fortolking, endringar med meir

Denne avtalen trer i kraft når den er underteikna av partane.

Avtalen kan reforhandlast om ein av partane ber om det.

Avtalen gjelder inntil den vert sagt opp av ein av partane. Avtalen kan seiast opp med seks -6- måneders varsel.

#### 7. Tvistar

I tilfelle usemje om forståing av avtalen skal partane søke å løyse dette i minnelegheit.


Om ein ikkje oppnår semje, skal saka søkast løyst ved advokatmekling etter Den Norske Advokatforenings regler for advokatmekling. Om partane ikke kjem til semje innan 60 dager etter at ein av partene skriftlig begjærte advokatmekling, og partene ikke er enige om å forlenge fristen, kan saka løysast ved ordinær domstolsbehandling ved Fjordane Tingrett

\*\*\*

Denne avtale er utferdiga i to eksemplar, kor partane beheld kvar sitt.

Sogndal/ Florø, 6. april 2017

Aksello AS



Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS



# Operativ plan- samarbeid felles inkubator i Sogn og Fjordane

1. mars 2017

## Innhold

1. Hensikta med dokumentet.....	1
2. Operative samarbeidspunkt .....	1
2.1 Koordinert tenestetilbod .....	1
2.2 Felles kommunikasjonsplan inkubatorvirksomhet Sogn og Fjordane .....	2
2.3 Koordinert bruk av fysisk infrastruktur (kontor, møterom, nettverksarena, virtuelle møteplassar, testfasilitetar) .....	2
2.4 Koordinert idéfangst.....	3
Opptakskriterier.....	3
Prosess for opptak av inkubatorbedrifter (preinkubasjon og inkubasjon).....	3
2.5 Felles prosessar og verktøy/malar for inkubasjon .....	3
2.6 Felles kompetansebase – kven kan kva, CV .....	3
2.7 Koordinert kompetanseutvikling mellom programbedriftene.....	4
2.8 Fast informasjonsutveksling - status målbedrifter, kompetansetilførsel, nettverk, aktivitetar og kapital/finansiering.....	4
2.9 Felles økosystem for programbedriftene .....	4

## 1. Hensikt med dokumentet

Dette dokumentet er del av partner-/ samarbeidsavtale mellom Kunnskapsparken Sogn og Fjordane og Aksello, og skal vere retningsgivande for det operative samarbeidet om ein felles inkubator for Sogn og Fjordane.

Dokumentet skal 1. gong pr år evaluerast i sin heilheit av partane. Elles kan dokumentet i fellesskap endrast løpande basert på erfaringar ein gjer seg undervegs i samarbeidet.

## 2. Operative samarbeidspunkt

### 2.1 Koordinert tenestetilbod

For å sikre at partane tilbyr dei same tenestene med pris og innhald for at kundane enklare skal kunne forholde seg til tilbodet på inkubasjon, er ein blitt samde om ein felles prisstruktur.

For å sikre eit einsretta tilbod på inkubasjon i fylket skal tenestene ha same pris og vilkår. Dette også for å unngå forskjellsbehandling og redusere risiko for konkurranse mellom miljøa.

For at ein ikkje skal måtte gå inn og justere eksisterande avtalar, vil den omforeinte prisstrukturen gjelde for nye kundar etter 1. mars 2017.

Det er utarbeidd følgjande felles dokument:

- Standard vilkår inkubasjon, vedlegg dropbox: *170301 Standard vilkår deltaking inkubasjon.pdf*
- Avtaledokument deltaking i inkubator, vedlegg dropbox: *170301 Avtale deltaking inkubator.pdf*
- Avtale deltaking i preinkubasjon, vedlegg dropbox: *170301 Avtale deltaking pre-inkubator.pdf*
- Felles prisstruktur, viser til Beslutningsdokument pkt 3.1, vedlegg dropbox: *Beslutningsdokument\_9-punktsliste.docx*.

## 2.2 Felles kommunikasjonsplan inkubatorvirksomhet Sogn og Fjordane

Partane går i fellesskap ut og informerer om styrka inkubasjonssatsning i fylket, der ein framstår som eit inkubatortilbod som totalt sett skal gje eit betre tilbod til kundane/brukarane.

Partane vil jobbe vidare med kommunikasjon/marknadsføring av samarbeidet/inkubatortilbodet (samla om eitt tilbod, styrka inkubasjonssatsning, etc) etter 1. mars. Dette arbeidet skal koordinerast med aktivitetar i innovasjonsstrukturprosjektet, samt vere eige punkt i faste møter mellom partane.

Det er planlagt ei felles landingsside og kommunikasjon av eit tilbod som er likt uavhengig av kva selskap/inkubator brukar er knytt til.

Partane er samde om at felles inkubator skal profilerast med ei underside hos Driftig.no. Ein skal nytte omgrepet «inkubator» som eit felles namn på samarbeidet.

## 2.3 Koordinert bruk av fysisk infrastruktur (kontor, møterom, nettverksarena, virtuelle møteplassar, testfasilitetar)

Inkubatorbedrifter og tilsette skal kunne nytte kvarandre sine respektive fysiske lokalitetar så sant dette er praktisk mogleg. For kortare opphald på inntil 3 mnd skal lokaler og fasilitetar kunne nyttast vederlagsfritt (gjeld ikkje for pre-inkubasjon). For opphald ut over dette skal ein betale ein forholdsmessig del av leige og felleskostnader knytt til den aktuelle lokalitet. I tilfelle der det ikkje er kapasitet på lokaliteten ift partane sitt behov, skal den part som har inngått hovudavtalen på lokaliteten ha førerrett.

Arbeidsgruppa vil jobbe vidare med prisstruktur for leige og felleskostnader ut over 3 mnd etter 1. mars.

Partane har følgjande lokalitetar pt:

- Aksello har ein lokasjon; Florø
- Kunnskapsparken Sogn og Fjordane har 3 lokasjonar; Sogndal, Førde og Stryn i tillegg til leigde kontor andre stader i fylket ifm distribuert inkubator.

Det er utarbeidd følgjande felles dokumenter:

- Oversikt lokalitetar/utstyr med minimumskrav kontorfasilitetar, viser til Beslutningsdokument pkt 3.3, vedlegg dropbox: *Beslutningsdokument\_9-punktsliste.docx*.

## 2.4 Koordinert idéfangst

Gjennom felles møtepunkt skal partane koordinere aktivitetar knytt til idéfangst for å optimalisere bruk av ressursar og være tydeleg ut mot kunden mht eit felles tilbod.

Det er utarbeidd følgjande felles dokumenter:

- Felles møteplan, viser til Beslutningsdokument pkt 4.1, vedlegg dropbox:  
*Beslutningsdokument\_9-punktsliste.docx*

### Opptakskriterier

For å sikre eit koordinert tilbod på inkubasjon vil partane ha like opptakskrav for inkubatorbedrifter. Partane kan ha eigne tilleggskriterier på opptak i inkubasjon, men det er viktig at dette ikkje blir fronta ovanfor kunde men er kriterium som skal plassere søkande bedrifter/prosjekt i eit av selskapa. Interne kriterier i selskapa kan nyttast til å 'plassere' målbedriftene i riktig selskap.

Felles opptakskriterier (ut mot kunde) fom 1. mars 2017:

Oppstartsbedrifter eller prosjekt som

- Har ein unik idé
- Har stort vekstpotensial
- Har behov for å være tilknytta ein inkubator

Søkeren må

- Ha ambisjonar på vegne av bedrifta/prosjektet
- Vise vilje og evne til utvikling av bedrifta/prosjektet
- Ha ei open haldning til tett samarbeid med inkubator og rådgjevarar
- Være villig til å dele av sin kunnskap og nettverk til andre bedrifter/prosjekt i inkubatoren

Prosess for opptak av inkubatorbedrifter (preinkubasjon og inkubasjon)

Partane har felles opptak av selskap i preinkubasjon, selektivt opptak i inkubasjon.

Opptak i fellesskap inkluderer også avklaring om ansvar for oppfølging og lokasjon, basert på ressursar, kompetanse og nettverk.

## 2.5 Felles prosessar og verktøy/malar for inkubasjon

Partane koordinerer prosessar og utarbeider eit felles malverk for inkubasjon.

Koordinering av prosessar samt koordinering av malar og verkty er ein del av den løpande erfaringsutvekslinga i driftsperioden.

Arbeidet bygger vidare på vedlegg dropbox; *160601 AS-IS inkubator.xlsx*

## 2.6 Felles kompetansebase – kven kan kva, CV

Målsettinga er å nytte kvarandre sine ressursar på ein god måte i fylket, gje den beste rådgjevinga, bruke kompetansen i kvarandre sine selskap til beste for målbedriftene.

For å sikre dette skal ein gjere CV tilgjengeleg på Dropbox og fyller ut mal for kompetansematrise; vedlegg dropbox; *20160527 Mal Kompetansematrise*. LinkedIn-profil er valfritt. I tillegg er det særskilt viktig at ein i felles møter set av tid til å bli kjent med kvarandre. Det skal også innan 1. juni 2017 gjennomførast ein felles kick-off for samarbeidet, med fokus på å bli kjent med kvarandre.

## 2.7 Koordinert kompetanseutvikling mellom programbedriftene

Koordinering av kompetansehevande tiltak (eks. deltaking i kompetansehevande fora, kurs ol) vert del av til driftsfasen som ein løpande aktivitet. Her bør ein også utarbeide prosedyrar for kunnskapsdeling for å bli endå betre, og redusere risiko for å bli personavhengig, eks dele presentasjonar etc.

## 2.8 Fast informasjonsutveksling - status målbedrifter, kompetansetilførsel, nettverk, aktivitetar og kapital/finansiering

Partane skal ha ein fast møteplass for å informasjonsutveksling og koordinering av aktivitetar og idéfangst, framdrift på inkubatorselskap.

Det er utarbeidd følgjande felles dokumenter:

- Felles møteplan, viser til Beslutningsdokument pkt 4.1, vedlegg dropbox:  
*Beslutningsdokument\_9-punktsliste.docx.*

## 2.9 Felles økosystem for programbedriftene

Det skal i løpet driftsfasen, seinast innan 1. juli-2017, utarbeidast felles økosystem for programbedriftene. Det skal også utarbeidast eit forslag til koordinering av økosystem (synergjar, overlapping, manglande områder), og korleis nytte økosystemet på best mogeleg måte.

Revidert av partane: 06.03.2017/VS

XX.XX.2017/XX



# Integreringsprosjekt 9-punktslista for styrka inkubatorsatsning i Sogn og Fjordane.

Beslutningsdokument.

Bygger på arbeidsgruppas anbefaling for implementering av 9-punktsliste.

Arbeidsgruppas medlemmer:

Fram Flora v/Vanja Viken, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane  
v/Geir Opseth, Roger Ulvestad, Vegard Strand

3. Mars 2017



## Innhold

1. Hensikta med dokumentet .....	3
2. Bakgrunn .....	3
3. Forslag til implementering av 9-punktsliste .....	3
3.1 Koordinert tenestetilbod .....	3
Til beslutning: .....	5
3.2 Felles kommunikasjonsplan inkubatorvirksomhet SogFj.....	6
Samarbeidsavtale .....	6
Pressemelding .....	7
Felles navn på inkubator .....	7
Felles kommunikasjon/marknadsføring .....	8
Til beslutning: .....	8
3.3 Koordinert bruk av fysisk infrastruktur (kontor, møterom, nettverksarena, virtuelle møteplassar, testfasilitetar) .....	8
Prismodell .....	9
Forslag til minimumskrav kontorfasilitetar; .....	9
Til beslutning: .....	9
3.4 Koordinert idéfangst.....	9
Aktivitet knytt til idéfangst.....	10
Opptakskriterier .....	10
Prosess for opptak av inkubatorbedrifter (preinkubasjon og inkubasjon) .....	10
Til beslutning: .....	11
3.5 Felles prosessar og verkty/maler for inkubasjon.....	11
Til beslutning: .....	11
3.6 Felles kompetansebase – kven kan kva, CV.....	11
Til beslutning: .....	11
3.7 Koordinert kompetanseutvikling mellom programbedriftene .....	11
Til beslutning: .....	12
3.8 Fast informasjonsutveksling - status målbedrifter, kompetansetilførsel, nettverk, aktivitetar og kapital/finansiering.....	12
Til beslutning: .....	12
3.9 Felles økosystem for programbedriftene .....	12
Til beslutning: .....	12
4. Vedlegg.....	13
4.1 Møteplan .....	13
4.2 Gjeldande opptakskrav“ .....	13
4.3 Ordlyd i pressemelding .....	14



## 1. Hensikta med dokumentet

Dokumentet med vedlegg beskriv det arbeid arbeidsgruppa har gjennomført, arbeidsgruppas anbefalingar og beslutningar som er fatta basert på samarbeidsavtale frå og med 1. mars 2017.

Prosjekt for implementering av 9-punktsliste går over i driftsfase fom 1. mars 2017.

## 2. Bakgrunn

Fylgjande prosjekt og føringar ligg til grunn for arbeidet;

- Utviklingsprosjekt inkubator, styringsgruppas vedtak pr 6.9.2016
- Utviklingsprosjekt inkubator, sluttrapport pr 9.9.2016
- SIVAs føringar knytt til tilskudd gjennom inkubasjonsprogrammet pr 4.10.2016

### 9-punktsliste for styrka inkubatorsatsning

1.Koordinert tenestetilbod

2.Felles kommunikasjonsplan inkubatorvirksomhet SogFj

3.Koordinert bruk av fysisk infrastruktur (kontor, møterom, nettverksarena, virtuelle møteplassar, testfasilitetar)

4.Koordinert idéfangst

5.Felles prosessar og verktøy/maler for inkubasjon

6.Felles kompetansebase – kven kan kva, CV

7.Koordinert kompetanseutvikling mellom programbedriftene

8.Fast informasjonsutveksling - status målbedrifter, kompetansetilførsel, nettverk, aktivitetar og kapital/finansiering

9.Felles økosystem for programbedriftene

## 3. Forslag til implementering av 9-punktsliste

### 3.1 Koordinert tenestetilbod

**Målsetting:** Fylkets inkubatorarar tilbyr dei same tenestene med pris og innhald for at kundane enklare skal kunne forholde seg til tilbodet på inkubasjon

Tilbodet frå dei ulike miljøa er ganske like, og ein opererer på relativt lik måte. Det største avviket er på preinkubasjon, der både pris og antal inkl timar på rådgjeving samt kontor er ulikt.

Dagens prisstruktur (pris eks mva)	FF	KPSF	Kommentar
Marknadsverdi tenester			Grlag eigenandel
Rådgjeving	Kr 950	Kr 1 050	
Kontorplass for ein person	Kr 1 250	Kr 3 000	Inntil
Preinkubasjon:			
Eigenandel deltaking/mnd	Kr 950 (70%)	kr 1 500	
Arbeidsmengde/mnd	2	6-8	Inntil
Kontorplass for ein person	Ja	Nei	
Avtaletid	3 mnd	3 mnd	Med moglegheit for forlenging
Finansieringsgrad deltaking	69,8%	75%	
Finansieringsgrad ekstern rådgjevarar	Inntil 75%	NA	Må søkjast om
Finansieringsgrad eksterne tenester	Inntil 50%	NA	Må søkjast om
Inkubator:			
Eigenandel deltaking/mnd	Kr 2 250	Kr 2 500	
Arbeidsmengde	8/mnd	100/år	Inntil
Kontorplass for ein person	Ja	Ja	
Avtaletid	1 år	3 år	Inntil
Finansieringsgrad deltaking	74,6%	75%	
Finansieringsgrad eksterne rådgjevarar	Inntil 75%	NA	Må søkjast om
Finansieringsgrad eksterne tenester	Inntil 75%	70%	Må søkjast om

For å sikre eit einsretta tilbod på inkubasjon i fylket bør tenestene ha same pris og vilkår. Dette også for å unngå forskjellsbehandling og redusere risiko for konkurranse mellom miljøa.

For at ein ikkje skal måtte gå inn og justere eksisterande avtalar, foreslår arbeidsgruppa at nytt tilbod og vilkår gjeld for nye kundar etter 1. mars 2017.

Forslag til felles tenestetilbud (til intern bruk, det må defineres korleis dette skal framstillast ovanfor kunde):

Prisstruktur fom 1.3.17	FF	KPSF	Kommentar
<b>Marknadsverdi tenester</b>			
Rådgjeving/adm	Kr 1 000	Kr 1000	Timepris 'arbeidsmengde'
Kontor plass for ein person	Kr 1 800	Kr 1 800	
<b>Preinkubasjon:</b>			
Eigenandel deltaking/mnd	Kr 1 500	Kr 1 200	
Arbeidsmengde/mnd	4	4	Inntil
Kontor plass for ein person	Ja	Nei*	* Samarbeider med lokal 1. linjeteneste som har gratis gründertilbod
Avtaletid	3 mnd	3 mnd	
Finansieringsgrad deltaking	74,1%	70%	
Finansieringsgrad ekstern rådgjevarar	Inntil 75%	Inntil 75%	Må søkjast om
Finansieringsgrad eksterne tenester	Inntil 50%	Inntil 50%	Må søkjast om
<b>Inkubator:</b>			
Eigenandel deltaking/mnd	Kr 2 500	Kr 2 500	
Arbeidsmengde	8	8	Inntil
Kontor plass for ein person	Ja	Ja	
Avtaletid	3 år	3 år	Inntil
Finansieringsgrad deltaking	74,5%	75%	
Finansieringsgrad ekstern rådgjevarar	Inntil 75%	Inntil 75%	Må søkjast om
Finansieringsgrad eksterne tenester	Inntil 75%	Inntil 75%	Må søkjast om

Arbeidsgruppa har utarbeidd eit forslag til ein 'felles stamme' på tenester knytt til inkubasjon.

Arbeidsgruppa har einast om felles marknadsprisar og felles tenestepreis og innhald på inkubasjon. Arbeidsgruppa kom ikkje fram til ei felles anbefaling for fase for preinkubasjon. Dei to driftsorganisasjonane har ulike forutsetningar for tilbod i preinkubasjon. Ein av partane må fråvike prinsippet for at det skal kunne bli likt.

Selskapa som juridiske einingar utarbeider egne vilkår som inkluderer felles vilkår for inkubasjon og preinkubasjon. Sjå dokument i Dropbox; Standard vilkår deltaking i preinkubasjon og inkubasjon, Avtaledokument deltaking i inkubator, Avtaledokument deltaking i preinkubasjon, er ikkje ferdigstilt.

Til beslutning:

- Forslag til nye priser og tilbod gjeldande fom 1. mars 2017 til nye kunder. Det ligg ikkje felles anbefaling på preinkubasjon.  
Beslutning: FF ynskjer å tilby kontor for å knyte til seg selskapa i preinkubasjon, men vil for at ein kan einast om eit felles tilbod, ekskludere kontor i basistilbod. Dette forutsetter at ein i starfasa

syner fleksibilitet i å kunne tilby kontor til preinkubasjonsselskap ved behov. Det er forventa at ein i driftsfasa jobbar med å finne gode løysingar for å oppretthalde god dialog med bedrifter i preinkubasjon.

Beslutta prisstruktur:

Prisstruktur fom 1.3.17	FF	KPSF	Kommentar
<b>Marknadsverdi tenester</b>			
Rådgjeving/adm	Kr 1 000	Kr 1000	Timepris 'arbeidsmengde'
Kontorplass for ein person	Kr 1 800	Kr 1 800	
<b>Preinkubasjon:</b>			
Eigenandel deltaking/mnd	Kr 1 200	Kr 1 200	
Arbeidsmengde/mnd	4	4	Inntil
Kontorplass for ein person	Nei	Nei*	* Samarbeider med lokal 1. linjeteneste som har gratis gründertilbod
Avtaletid	3 mnd	3 mnd	
Finansieringsgrad deltaking	70%	70%	
Finansieringsgrad ekstern rådgjevarar	Inntil 75%	Inntil 75%	Må søkjast om
Finansieringsgrad eksterne tenester	Inntil 50%	Inntil 50%	Må søkjast om
<b>Inkubator:</b>			
Eigenandel deltaking/mnd	Kr 2 500	Kr 2 500	
Arbeidsmengde	8	8	Inntil
Kontorplass for ein person	Ja	Ja	
Avtaletid	3 år	3 år	Inntil
Finansieringsgrad deltaking	75%	75%	
Finansieringsgrad ekstern rådgjevarar	Inntil 75%	Inntil 75%	Må søkjast om
Finansieringsgrad eksterne tenester	Inntil 75%	Inntil 75%	Må søkjast om

- Juridiske vilkår gjeldande fom 1. mars 2017 til nye kunder.  
Beslutning: Forslag til nye vilkår tas opp til beslutning i driftsfasa og seinast innan 15. mars 2017.

### 3.2 Felles kommunikasjonsplan inkubatorvirksomhet SogFj

**Målsetting:** Inkubatorane i fylket går i fellesskap ut og informerer om styrka inkubasjonssatsning i fylket, framstår som eit inkubatortilbod som totalt sett skal gje eit betre tilbod til kundane/brukarane.

#### Samarbeidsavtale

Med eit koordinert tilbod på inkubasjon samt eit tettare samarbeid om inkubator i fylket anbefaler arbeidsgruppa at det inngås ein samarbeidsavtale med operativ plan gjeldande fom 1. mars 2017.

Forslag til samarbeidsavtale med operativ plan. Sjå dokument i Dropbox; 08022017 - Utkast til samarbeidsavtale Kunnskapsp...g Fram Flora.doc, Operativ plan samarbeid aksello og KPSF.doc

## Pressemelding

Omtalen knytt til inkubasjon i FF si pressemelding ifm strategiendring og derigjennom navneendring, kan då henvise til eit konkret samarbeid.

Forslag til ordlyd i pressemelding knytt til inkubatorprogram og samarbeid mellom selskapa, vedlegg 4.3

Arbeidsgruppa vil jobbe vidare med kommunikasjon/marknadsføring av samarbeidet/inkubatortilbodet (samla om eitt tilbod, styrka inkubasjonssatsning, etc) etter 1. mars. Dette arbeidet bør koordinerast med aktivitetar i innovasjonsstrukturprosjektet,

Felles namn på inkubator

Det er ynskjeleg med ei felles betegning på inkubatortilbodet i fylket. Det er planlagt ei felles landingsside og kommunikasjon av eit tilbod som er likt uavhengig av kva selskap/inkubator bruker er tilknytta.

Namnet skal nyttast på felles landingsside og ifm profilering av inkubatoren i sogn og fjordane, og skal framkomme på juridiske avtalar i Fram Flora og Kunnskapsparcken Sogn og Fjordane.

Arbeidsgruppa har arbeidd med ulike forslag til namn:

Forslag til namn	Fordeler	Ulemper
Fjord Inkubator	<ul style="list-style-type: none"><li>• 'Ufarleg' dekker heile fylket</li><li>• 'Fint' namn – klinger godt</li><li>• Har domene, enkelt å sette opp</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Historikk - nyttar same namn på ei ny teneste med anna innhald. Kan krevje forklaring i kommunikasjon.</li><li>• Viser ikkje skille til ei ny tid</li><li>• Fleire namn kan være forvirrande for kunde (ref erfaring frå FF sin modell der preinkubasjon er i idélab)</li><li>• For sterk knyting til Fjord Invest?</li><li>• Begrensande/traust</li></ul>
Inkubator	<ul style="list-style-type: none"><li>• Enkelt</li><li>• Beskriv kva som blir levert</li><li>• Generisk</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 'kjønnslaust', treng eit prefix før inkubator</li></ul>
Inkubator Sogn og Fjordane	<ul style="list-style-type: none"><li>• Geografisk beskrivande</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 'tungt', langt</li><li>• Begrensande på geografi</li></ul>
InkubatorX2	<ul style="list-style-type: none"><li>• Står for dobling, auke, gange opp, to selskap saman om ein inkubator...mm</li><li>• Kan bli ein stilig og moderne logo</li><li>• Gir opning for å samarbeide med fleire inkubatorar i framtida som ikkje tilhøyrer fjordane</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Fleire namn kan være forvirrande for kunde (ref erfaring frå FF sin modell der preinkubasjon er i idélab)</li></ul>
Inkubator1	<ul style="list-style-type: none"><li>• 'pre'fix</li></ul>	

Arbeidsgruppa har ikkje lykkast i å kome fram til ei anbefaling til felles namn. Innstilling frå dei to milja er som følgjer:

Innstilling frå KPSF: Pri 1: Fjord Inkubator Pri 2: InkubatorX2

Innstilling frå FF: Pri 1: Inkubator Pri 2: InkubatorX2

Felles kommunikasjon/marknadsføring

Arbeidsgruppa foreslår å nytte ei felles landingsside fom 1. mars 2017 der begge miljøa linkar frå sine respektive websider. Landingssida skal være ute innan 1. mars, sjølv om tilbodet ikkje er klart.

Forslag til innhald/disposisjon samt forslag til drift av felles landingsside (feks rullerande driftsansvar, 3. part): Sjå dokument i Dropbox: Nettside disposisjon og drift.docx.

Til beslutning:

- Ordlyd i pressemelding knytt til inkubatorprogrammet og samarbeid mellom selskapa, samt samarbeidsavtale.  
Beslutning: Dette er tidlegare godkjent. Fokus no er FF si pressemelding av ny strategi, men det er forventning til eit felles marknadsføringsstunt på inkubatortilbod seinare.
- Operativ plan bygger på beslutningsdokument og vil bli utarbeidd innan 1. mars.  
Beslutning: Forslag til operativ plan bygger på beslutningsmøtet. Frist for utkast til operativ plan er sett til 7. mars 2017. (ansvarlig: Vegard Strand, KPSF).
- Forslag til nytt namn på inkubatorsatsning i fylket. Arbeidsgruppa har ikkje einast om dette.  
Beslutning: KPSF kan ikkje ta beslutning på namn i møtet. Ein blei einige om at KPSF forsøker å beslutte innstilling på namn innan Fredag 3.3.17 og kallar inn til videomøte for endelig beslutning på eit felles namn. Fram Flora si innstilling er pri2 InkubatorX2, forutsatt at ein ikkje einast om Pri 1 Inkubator. Roger Ulvestad, KPSF kallar inn til møte fredag 3.3.17
- Forslag til felles landingsside med innhald/disposisjon og drift  
Beslutning: Landingsside blir lansert etter at ein har einast om felles namn. Fram Flora gjer oppmerksom på at dette hastar ifm nye websider frå lansering av nytt namn 1.3.17.

Det blei fredag 3.3.17 gjennomført eit eige møte vedr namn, der ein blei einige om fylgjande:

Aksello og KPSF har kvar sine favorittar på namn, og ingen av partane er veldig glade i den andre sitt alternativ. Partane er dermed einige om at felles landingsside med eige namn fell bort som løysing. Løysinga ein no går for er å bruke Aksello sitt opprinnelege førsteval «Inkubator» som eit felles omgrep gjeldande namn med den endringa at vi legg den under Driftig som underside.

Aksjonspunkt:

- Geir undersøker om vi kan "nytte" ei underside hjå [www.driftig.no](http://www.driftig.no) som då kan vere [www.driftig.no/inkubator](http://www.driftig.no/inkubator)
- Om dette let sag gjere går vi for felles namn "Inkubator" på denne landingssida og den felles marknadsføringa av dei to inkubatorane.

3.3 Koordinert bruk av fysisk infrastruktur (kontor, møterom, nettverksarena, virtuelle møteplassar, testfasilitetar)

Målsetting: Kundane/brukarane skal kunne nytte fysisk infrastruktur på tvers av inkubatorane (og gjerne næringsshagane!)

Fram Flora har ein lokasjon; Florø. Kunnskapsparken Sogn og Fjordane har 3 lokasjoner; Sogndal, Førde og Stryn i tillegg til leigde kontor andre stader i fylket ifm distribuert inkubator.

Tenester		Fram Flora	KPSF Sogndal	KPSF Førde	KPSF Stryn
Kontorfasilitetar/miljø	Arbeidsplass i opent landskap	Ja	Ja	Ja	Ja
	Trådløst nettverk	Ja	Ja	Ja	Ja
	Skrivar/kopimaskin/scanner	Ja	Ja	Ja	Ja
	Låsbart skap	Ja	Ja	?	?
	Møterom med konferanseutstyr	Ja	Ja	Ja	Ja
	Arbeidsrom	Ja	Ja	Ja	Ja
	Kjøkken med kaffi/fruit	Ja	Ja	Ja	Ja
	Eige kontor	Ja	Ja	Ja	Nei
	Tilgang til miljø (andre bedrifter/grü)	Ja	Ja	Ja	Ja
Anna:			Auditorium, kantine,	Testfasilitetar/prototyp	Testfasilitetar/prototyp

### Prismodell

Arbeidsgruppa foreslå at inkubatorbedrifter og tilsette skal kunne nytte kvarandre sine respektive fysiske lokalitetar så sant dette er praktisk mogleg. For kortare opphald på inntil 3 mnd skal lokaler og fasilitetar kunne nyttast vedlagsfritt. For opphald ut over dette skal ein betale ein forholdsmessig andel av leige og felleskostnader knytt til den aktuelle lokalitet. Arbeidsgruppa vil jobbe vidare med prisstruktur etter 1. mars. Dette gjeld ikkje inkubatorbedrifter grunna dei to driftsorganisasjonane sine ulike forutsetningar for tilbod i preinkubasjon, sjå pkt 3.1.

Forslag til minimumskrav kontorfasilitetar;

Inkubatorane har einast om eit felles sett med minimumskrav til kontorfasilitetar i inkubatoren som skal inngå i tilbod. Innhald kan avvike frå dei ulike inkubatorane, men det er viktig at grunnfasilitetane er ivaretatt når brukarane signerer avtale.

#### Minimumskrav:

- Arbeidsplass for ein person i ope kontorlandskap 24/7
- Tilgang til trådløst nettverk
- Tilgang skriver, kopimaskin og scanner
- Tilgang på møterom
- Tilgang til miljø i kontorfellesskap

For enkelte lokasjonar vil ein kunne få tilgang til:

- Interne møterom med prosjektor og videokonferanseutstyr
- Låsbare skap
- Auditorium, kantiner
- Tilgang til testfasilitetar/prototyplokaler
- Eigne kontor i periodar (må søkjast om)
- Kjøkken med kaffimaskin og fruit

Til beslutning:

- Arbeidsgruppas prismodell vederlagsfritt inntil 3 mnd (gjeld ikkje preinkubasjon)  
Beslutning: Godkjent.
- Arbeidsgruppas anbefaling til minimumskrav  
Beslutning: Godkjent

### 3.4 Koordinert idéfangst

Målsetting: Inkubatorane koordinerer aktiviteter knytt til idéfangst for å optimalisere bruk av ressursar og være tydeleg ut mot kunden mht eit felles tilbod

Aktivitet knytt til idéfangst

Det er viktig å koordinere idéfangst for å optimalisere bruken av ressurser på inkubasjon.

Aktiviteter knytt til idéfangst;

- definere møteplasser (seminar, nettverk, samlinger etc)
- koordinere initiativ overfor etablert næringsliv
- koordinere initiativ overfor kommunale tenester (1. linje)
- koordinere initiativ overfor næringshagar

Arbeidsgruppas forslag er at dette er ein løpande aktivitet som blir koordinert mellom selskapa i fastsette møtepunkt (sjå vedlegg 4.1 Møteplan).

Opptakskriterier

I tråd med eit koordinert tilbod på inkubasjon er det viktig med like opptakskrav for inkubatorbedrifter. Arbeidsgruppa foreselår at dei respektive selskapa nyttar eit felles sett med overordna opptakskrav som skal frontast ut mot kunden. Dei enkelte selskap kan ha eigne tilleggskriterier, men det er viktig at dette ikkje blir fronta overfor kunde men er kriterier som skal plassere søkande bedrifter/prosjekt i eit av selskapa. Interne kriterier i selskapa kan nyttast til å 'plassere' målbedriftene i riktig selskap.

Forslag til felles opptakskriterier (ut mot kunde) fom 1. mars 2017:

Oppstartsbedrifter eller prosjekt som

- Har ein unik idé
- Har stort vekstpotensial
- Har behov for å være tilknytt ein inkubator

Søkeren må

- Ha ambisjonar på vegne av bedrifta/prosjektet
- Vise vilje og evne til utvikling av bedrifta/prosjektet
- Ha ei open haldning til tett samarbeid med inkubator og rådgjevarar
- Være villig til å dele av sin kunnskap og nettverk til andre bedrifter/prosjekt i inkubatoren

Prosess for opptak av inkubatorbedrifter (preinkubasjon og inkubasjon)

Dagens opptaksprosess:

- KPSF tar selskap direkte opp i inkubator forutsatt at dei er klare for dette. Dei selskap som ikkje blir tatt opp direkte i inkubator, inngår ei preinkubasjonsavtale. Opptak av preinkubasjon og inkubator i KPSF administrasjon.
- FF tar selskap opp i preinkubasjon for å vurdere og evt klargjere dei for søknad for opptak til inkubator. Opptak i preinkubasjon i FF administrasjon, opptak i inkubator i FF Styre.
- Begge selskapa nyttar same vurderingskriterier (skjema) for opptak, sjå xxxx.

Forslag til ny opptaksprosess:

2 scenario:

- A) Opptak i fellesskap av selskap til preinkubasjon, selektiv opptak i inkubasjon
- B) Opptak i fellesskap av selskap til preinkubasjon og inkubasjon



Opptak i fellesskap inkluderer også avklaring om ansvar for oppfølging og lokasjon, basert på ressursar, kompetanse og nettverk.

Arbeidsgruppa anbefaler scenario A, felles opptak av selskap i preinkubasjon, selektivt opptak i inkubasjon.

Til beslutning:

- Løpende koordinering av idéfangst  
Beslutning: Godkjent
- Felles opptakskrav ut mot kunde  
Beslutning: Godkjent
- Opptak i fellesskap av selskap i preinkubasjon, separat opptak i inkubasjon  
Beslutning: Godkjent

### 3.5 Felles prosessar og verkty/maler for inkubasjon

**Målsetting:** Inkubatorane koordinerer prosessar og utarbeider eit felles malverk for inkubasjon

Arbeidsgruppa foreslår at koordinering av prosessar samt koordinering av maler og verkty er ein del av den løpande erfaringsutvekslinga i driftsperioden.

Arbeidsgruppa har definert dei viktigste malane som ein start på dette arbeidet, sjå dokument i Dropbox; 160601 AS-IS inkubator.xlsx

Til beslutning:

- Løpende arbeid knytt til felles prosessar og verkty/maler leggst til driftsperioden  
Beslutning: Godkjent

### 3.6 Felles kompetansebase – kven kan kva, CV

**Målsetting:** Nytte ressursane på ein god måte i fylket, gi den beste rådgjevinga, bruke kompetansen i kvarandre sine selskap til beste for målbedriftene

Arbeidsgruppa foreslår at ressursane i inkubatorane nyttar LinkedIn og skjema utvikla i utviklingsprosjektet til å synleggjere kompetanse og erfaring, sjå dokument i Dropbox: 20160527 Mal Kompetansematrise.pptx

Arbeidsgruppa foreslår at dette også leggst til driftsfasa, men har sett ein frist på 15. mars.

Det har også komt opp forslag til å opprette ei gruppe på LinkedIn for rådgjevarar knytt til inkubasjon i fylket.

Til beslutning:

- Utfylling av felles kompetansebase overført til driftsfasa  
Beslutning: Godkjent

### 3.7 Koordinert kompetanseutvikling mellom programbedriftene

**Målsetting:** Optimalisere bruk av ressursar og nytte kompetansen i kvarandre sine selskap til beste for målbedriftene. Kommunisere og samarbeide om kva som er den beste kompetansen til bedriftene.

Arbeidsgruppa foreslår at koordinering av kompetansehevande tiltak (eks (eks. deltaking i kompetansehevande fora, kurs ol) overført til driftsfasa som ein løpande aktivitet. Her bør ein også

utarbeide prosedyrar for kunnskapsdeling for å bli endå betre, og redusere risiko for å bli personavhengig, eks dele presentasjoner etc.

Til beslutning:

- Koordinert kompetanseutvikling mellom programbedriftene overført til driftsfasa

Beslutning: Godkjent

3.8 Fast informasjonsutveksling - status målbedrifter, kompetansetilførsel, nettverk, aktivitetar og kapital/finansiering

**Målsetting:** Ha ein fast møteplass for å informasjonsutveksling og koordinering av aktivitetar og idéfangst, framdrift på inkubatorselskap

Arbeidsgruppa har foreslått ein møteplan med årshjul, sjå vedlegg 4.1.

Til beslutning:

- Møteplan med årshjul gjeldande fom 1. mars 2017

Beslutning: Godkjent. Frekvens møteplan må vurderast undervegs. Det praktiske rundt innkalling, agenda etc må tas opp som eit eige punkt på første møte 7. mars.

3.9 Felles økosystem for programbedriftene

**Målsetting:** Nytte økosystem på tvers av inkubatorane for å styrke det totale økosystem for inkubasjonsvirksomheita i fylket

Arbeidsgruppa foreslår at felles økosystem for programbedriftene overført til driftsfasa som ein løpande aktivitet, men har sett ein frist på 15. mars. Her vil ein lage eit forslag til koordinering av økosystem (synergjar, overlapping, manglande områder), og korleis nytte økosystemet på best mogeleg måte.

Til beslutning:

- Felles økosystem for programbedriftene overført til driftsfasa

Beslutning: Godkjent

## 4. Vedlegg

### 4.1 Møteplan

#### Møteplan «XX» Inkubator 2017

Måned	Dato	Type	Tid	Deltakere	Saker	Periodiske saker
2017						
Mars	7	Møte	09-12	FF – KPSF	Idefangst, koordinere møter og deltaking, opptak, status bedrifter	
Mars	21	Skype	09-10	FF – KPSF	Status bedrifter, idefangst	
April	4	Møte	09-15	FF – KPSF + SIVA aktører frå kl12-15	Idefangst, koordinere møter og deltaking, opptak, status bedrifter. Felles møte med andre SIVA aktører etter kl1200. Felles lunsj.	
Mai	9	Møte	09-12	FF – KPSF	Idefangst, koordinere møter og deltaking, opptak, status bedrifter.	Status handlingsplan, Markedsføring
Mai	23	Skype	09-10	FF – KPSF	Status bedrifter, idefangst	
Juni	13	Møte	09-12	FF – KPSF	Idefangst, koordinere møter og deltaking, opptak, status bedrifter	
Juni	27	Skype	09-10	FF – KPSF	Status bedrifter, idefangst	
August	15	Møte	09-12	FF – KPSF	Idefangst, koordinere møter og deltaking, opptak, status bedrifter	
August	29	Skype	09-10	FF – KPSF	Status bedrifter, samkøyre idefangst	
September	12-13	Møte	11-18 09-13	FF – KPSF + SIVA aktører frå kl12-15	Idefangst, koordinere møter og deltaking, opptak, status bedrifter. Felles møte med andre SIVA aktører etter kl1200. Felles lunsj.	
September	26	Skype	09-10	FF – KPSF	Status bedrifter, samkøyre idefangst	
Oktober	10	Møte	09-12	FF – KPSF	Idefangst, koordinere møter og deltaking, opptak, status bedrifter	Budsjett 2018
Oktober	24	Skype	09-10	FF – KPSF	Status bedrifter, samkøyre idefangst	
November	7	Møte	09-12	FF – KPSF	Idefangst, koordinere møter og deltaking, opptak, status bedrifter	Planlegge rapportering, status handlingsplan
November	21	Skype	09-10	FF – KPSF	Status bedrifter, samkøyre idefangst	
Desember	5		09-15	FF – KPSF + SIVA aktører frå kl12-15	Samkøyre idefangst, koordinere møter og deltaking, gjennomføre opptak, status bedrifter. Felles møte med andre SIVA aktører etter kl1200. Felles lunsj.	Rapportering
2018						
Januar	9	Møte	09-12	FF – KPSF	Idefangst, koordinere møter og deltaking, opptak, status bedrifter	
Januar	23	Skype	09-10	FF – KPSF	Status bedrifter, samkøyre idefangst	

### 4.2 Gjeldande opptakskrav

#### Kunnskapsparken Inkubator:

- Ideen skal være forholdsvis nystarta
- Ha vekstpotensial (gjerne globalt! Ikkje nok med "levebrødsperspektiv")
- Ha innovasjonsgrad
- Bedrifta si verksemd krev høg fagleg kompetanse
- Ha eit behov for å sitte i ein inkubator
- Være villig til å dele av sin kunnskap og nettverk til andre bedrifter i inkubatoren
- Gründer viser egnande personlege eigenskaper, herunder:
  - ambisjonar på vegne av bedrifta
  - vilje og evne til utvikling av egen bedrift
  - vilje og evne til eigeninnsats

#### Fram Flora inkubator:

- Ideen skal ha eit marknadspotensial
- Ideen skal ha moglegheit for å nå eit nasjonalt/internasjonalt marknad
- Er ideen skalerbar? (Vurdering)

- Ideen skal vere nyskapande og ikkje vere konkurransevidande i lokalt næringsliv
- Arbeidet med forretningsplan skal vere på begynt
- Etablerer skal ha til vilje og evne til etablering og vekst for verksemda
- Etablerer skal ha tanka om kva team som er nødvendig for å kunne realisere ideen
- Etablerer skal ha sett ei målsetjing om når ideen er klar for ein marknadsintroduksjon
- Etablerer skal ha ei målsetjing for framdrift i tida i inkubatoren
- Etablerer skal syne vilje og openheit til å samarbeide med inkubatoren
- Etablerer skal ha ei formeining om kapitalbehov for å realisere ideen
- Etablerer skal ha forslag til finansiering for å realisere ideen
- Er forretningsideen innanfor Inkubatorens målgruppe/segment
- Inkubatorens tilsette eller styrerepresentantar skal ikkje ha personlege økonomiske interesser i etableringa
- Styrets representantar skal seie ifrå om dei har interesse i konkurrerande/liknande forretningsidear, styret avgjer då om representanten får delta i vidare avgjersle for inkubatoropptak.
- Om det er interessant for morverksemd og/eller samarbeidsverksemdene å gå inn som investorar i den ny-etablerte verksemda kan det diskuterast med etablerar.

Styret skal ta inkubatorleiars innstilling til vurdering før endeleg avgjersle om opptak/ikkje opptak i inkubatoren.

Styret står fritt til å stille etablerer/inkubatorleiar spørsmål utanom desse rettingsliner for å avdekke relevant informasjon knytt til etableringa.

#### 4.3 Ordlyd i pressemelding

Stadfesta som inkubator i 6 nye år

##### **10 nye millionar til inkubasjon frå Siva**

Fram Flora har vært ein del av det nasjonale inkubatornettverket dei seinaste seks åra. Rett før jul stadfesta Siva, det statlege selskapet som styrar nettverket, at Fram Flora får seks nye år. Det inneber minimum 10 millionar kroner som selskapet kan nytte direkte til nyskapande verksemdar.

– Dette er særst gledeleg, og vil styrke inkubatorsatsinga. Dei to inkubatorane i fylket, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane og vi, inngår samstundes ein partneravtale (samarbeidsavtale?) for å sikre eit heilskapleg tilbod til lokale gründerar og nyskaping i etablert næringsliv, seier Bereksten.

Vi jobbar for at partneravtale er signert innan 1. mars, om dette er på plass ynskjer ein å endre 'inngår' til 'har inngått' ein partneravtale. Ein ynskjer også å ta inn namn på inkubator.

## Standard vilkår for inkubasjon.

1	Generelt.....	1
2	Ytelsar og ansvar.....	1
2.1	Ytelsar .....	1
2.2	Ansvar .....	1
2.3	Kjøp av tenester.....	2
3	Profilering .....	2
4	Deltakaravgift .....	2
5	Avtalas varigheit .....	2
6	Opphavs- og eigendomsrett.....	2
7	Konfidensialitet og teieplikt.....	2
8	Forsikring .....	2
9	Misleghald .....	2
10	Tvistar .....	2

### 1 Generelt

Fylgjande standard vilkår gjeld for ytelsar levert gjennom deltaking i pre-inkubator og inkubator hos NN (omtala som Leverandør) og Deltakar, også omtala som partane.

I kontraktsforholdet mellom Leverandør og Deltakar, også omtala som avtala, gjeld fylgjande dokument:

- i. *Avtale deltaking i pre-inkubator eller Avtale deltaking i inkubator.*
- ii. Eventuelle vedlegg for tenestene.
- iii. Andre skriv som forpliktar partane.
- iv. *Avtale om aksjekjøp.*
- v. *Standard vilkår for inkubasjon.*

Kommentert [E1]: Gjelder kun for KPSPF

Dei dokument som utgjer avtala, utfyller kvarandre. Inneheld avtaledokumenta bestemmelsar som strid mot kvarandre, skal dei gjelde i den rekkefølga som er gitt ovanfor.

Partane er uavhengige forretningspartar. Ingen part har anledning til å opptre på den andre parts vegne eller forplikte den andre part utan skriftleg samtykke.

### 2 Ytelsar og ansvar

#### 2.1 Ytelsar

Leverandør leverer tenester spesifisert i *Avtale deltaking i pre-inkubator* eller *Avtale deltaking i inkubator*.

#### 2.2 Ansvar

Deltakar er forplikta til å sikre egne fortrulege dokument og konfidensielle opplysningar på ein forsvarleg måte. Leverandør skal bistå Deltakar i forretningsutviklinga, men bærer under ingen omstende noko erstatningsansvar ovanfor Deltakar, deiira elgarar eller eventuell tredjepart for leveranse under kontraktsforholdet. Ansvarsavgrensinga omfattar, men er ikkje avgrensa til bistand med utarbeiding og gjennomføring av dei planar og målsetjingar som Deltakar har. Det være seg forhold til marknadsmoglegheiter, produkt, design og/eller funksjon eller forhold vedrørende finansiering eller økonomisk støtte frå verkemiddelapparatet eller anna.



### 2.3 Kjøp av tenester

Kjøp av tenester frå Leverandør ut over det som er inkludert i deltakaravgift skal avtalast særskilt. Leverandør kan også vidareformidle spesialoppdrag knytt til forretningsutviklingsoppgåver.

Kjøp av tenester frå Leverandør og andre spesialoppdrag fakturerast etter nærare avtale. Leverandør er ikkje ansvarleg for kvalitet på leveranse av tenester gjennom underleverandørar.

### 3 Profilerings

Når deltakar presenterer eller profilerer seg, eksempelvis i media, skal deltaking i inkubasjon omtalast.

### 4 Deltakaravgift

Deltakaravgift for opphald hos Leverandør framgår av *Avtale deltaking i pre-inkubator* eller *Avtale deltaking i inkubator*. Deltakaravgift vert fakturert månadleg månadleg forskotsvis (Aksello) etterskotsvis (KPSF).

Leverandør kan foreta prisjustering med 1 månads varsel.

Kommentert [E2]: Aksello har forskudd, KPSF har etterskudd. Bør fremkomme i dei respektive avtalar.

### 5 Avtalas varighet

Avtaleperiodens lengde framgår av *Avtale deltaking i pre-inkubator* eller *Avtale deltaking i inkubator*.

### 6 Opphavs- og eigendomsrett

Deltakar beheld alle rettigheter til idear, oppfinningar, merkenamn, firmanamn, logoar, domenenamnprodukt og liknande som Deltakar har med seg eller utviklar under opphald hos Leverandør. Deltakar pliktar å halde Leverandør skadeslaus om konflikt omkring dette skulle oppstå.

### 7 Konfidensialitet og teieplikt

Leverandør og personar som arbeider for Leverandør (inkl. styret hos Leverandør) vil behandle informasjon og innsikt som dei måtte få om Deltakar som konfidensiell informasjon.

For informasjon gjeldande Leverandør og andre Deltakarar med opphald hos Leverandør, gjeld på same måte konfidensialitet og teieplikt som Deltakar og dens ansatte pliktar å overhalde. Konfidensialitet gjeld både under og etter opphald hos Leverandør.

### 8 Forsikring

Deltakar er sjølv ansvarleg for å halde eigne aktiva forsikra, og eventuelt teikne avbrottsforsikring.

### 9 Misleghald

Dersom Deltakar misleghald avtala eller plikt som følg i følgje avtala, kan Leverandør heve avtala med augeblikkeleg verknad. Tilsvarende kan Deltakar heve avtala dersom Leverandør vesentleg misleghald sin del av avtala. Ved betalingsinnstilling frå Deltakar, insolvens, akkord eller konkurs kan Leverandør sei opp avtala med augeblikkeleg verking.

### 10 Tvistar

Eventuelle tvistar mellom partane vedrørende avtala, skal søkjast løyst i minnelegheit ved forhandlingar. Fører ikkje slike forhandlingar fram, kan saka bringast inn for dei alminnelege domsstolar.



## Avtale deltaking i inkubator

Mellom      Firmanavn: \_\_\_\_\_ som 'Leverandør'  
Foretaksnummer: \_\_\_\_\_  
Adresse: \_\_\_\_\_  
Primærkontakt: \_\_\_\_\_  
Sekundærkontakt: \_\_\_\_\_

og            Firmanamn: \_\_\_\_\_ som 'Deltakar'  
Fakturaadresse: \_\_\_\_\_  
Foretaksnummer: \_\_\_\_\_  
Prosjektnavn: \_\_\_\_\_

Namn på involverte hos Deltakar:

Namn: _____	epost: _____	mobil: _____	Rolle: _____
Namn: _____	epost: _____	mobil: _____	Rolle: _____
Namn: _____	epost: _____	mobil: _____	Rolle: _____

### 1 Bakgrunn og formål

Inkubator er eit verkøy for nyskapande vekstbedrifter og grunderar. Formålet er å gjere bedriftsutviklinga meir effektiv og dermed auke vekst, verdiskaping og overlevingsevne i bedriftene. Dette vert mellom anna gjort ved å tilføre inkubatorbedriftene kompetanse, nettverk og kontorfasilitetar i eit utviklingsorientert miljø.

Formålet med avtalen er å regulere forholdet mellom NN, som drivar av inkubatorprogrammet, og Deltakar, om inkubatorbistand og midlertidig opphald og bruk av kontorlokala med tilhøyrande tenester.

Til grunn for avtala ligg dei til ein kvar tid gjeldande *Standard vilkår for inkubasjon* som framgår på Leverandørens webside.

### 2 Tenester

Gjennom avtala får Deltakar tilgang til eit sosialt og fagleg utviklingsmiljø/gründermiljø. Leverandør tilbyr fylgjande tenester:

- Rådgjeving og tilførsel av kunnskap og erfaring innan forretningsutvikling. Inntil 8 timar arbeidsforbruk for Leverandør per månad.
- Arbeidsplass for ein person i ope kontorlandskap 24/7, med tilgang til trådløst nettverk, skrivar, kopimaskin og skanner
- Tilgang på møterom
- Deltaking på seminar, workshop og kurs arrangert av Leverandør
- Deltaking på eksterne kurs med invitasjon frå Leverandør
- Tilgang til Leverandør sine samarbeidspartnarar og nettverk
- Synleggjering i Leverandør sitt nettverk som medlem av inkubator
- Assistanse til å kontakte investeringsmiljøa
- Kopling mot relevant næringsliv, samt relevante forskings- og utviklingsmiljø
- Assistanse innan immaterielt rettsvern (patent, varemerke, mønsterbeskyttelse, osv)



For ein skilde tenester, kurs og arrangement vil det inngå ein eigenandel. Nokre tenester blir tilbydt Deltakar til sterkt reduserte prisar.

### 3 Deltakaravgift

Månadleg deltakaravgift er kr 2 500 eks. mva.

Leverandørs arbeidsforbruk ut over 8 timar per måned, samt eventuelle spesialoppdrag, blir fakturert etter avtalte satsar. Unyttar timar kan ikkje overførast til påfølgjande måned.

### 4 Avtalens varigheit og opphøyr av avtale

Avtale gjeld frå \_\_\_\_\_ (dato og år), og partane sin intensjon er eit avtaleforhold inntil 3 år. Begge partar kan seia opp avtalen med ei oppseiingsfrist på 3 - tre – månader med verknad frå den 1. i påfølgjande måned.

Dersom Deltakar endrar oppdragets innhald eller omfang i vesentleg grad, kan Leverandør seie opp avtalen med 3 månaders varsel.

### 5 Deltakar sine oppgåver

- Deltakar skal utarbeide, vedlikehalde og følgje ein forretningsplan og/eller prosjektplan for si verksemd.
- Deltakar skal rapportere på framdriftsplan, status utvikling, nye faktorar, samt viktige strategiske avgjerder og samarbeidsaktørar. Rapportering skal skje til fast frekvens bestemt av Leverandør.
- Deltakar skal skriftleg informere Leverandør snarast dersom det oppstår hendingar som har betydning for Deltakar og/eller den vidare utviklinga av forretningsideen.
- Deltakar har rett og plikt til å delta på fellessamlingar i inkubator.
- Leverandør skal være informert om og ha anledning til å delta på møter mellom Deltakar og virkemiddelapparatet.

### 6 Forventa bidrag til miljøet i inkubatoren

Eit inkluderande, godt og skapande miljø er eit viktig suksesskriterium for bedriftsutvikling og inkubatoren. Deltakar må difor bidra positivt til å bevare og vidareutvikla eit slikt miljø. Dette kan gjerast ved å bidra til erfaringsutveksling, deling av nettverk med meir til dei andre deltakarar i inkubator. Deltakar lyt være villig til å presentere forretningsideen/verksemda i offisielle arrangement, fellessamlingar og liknande.

### 7 Profilering

Leverandør har eiga webside for å profilere inkubatoren og inkubatorverksemdene. I samband med dette skal Deltakar bidra med logo og informasjon om si verksemd for innlegging på heimesida.

Deltakar vil få tilgang til Leverandør sin logo, som skal i dei rette samanhengar (eks websida til Deltakar) illustrere at Deltakar er ein del av Leverandøren sin inkubator.

### 8 Aksjekjøp

Leverandør har krav på å kjøpe inntil 4% av aksjane. Eigarandel skal ervervast ved ein retta emisjon innan 12 månadar etter kontraktinngåing. Prising er sett til maksimalt kr 30.000 for inntil 4%. Leverandør står fritt til å kjøpe frå 0-4% av aksjane.

Kommentert [E1]: Dette er ikkje noko som Aksello tilbyr. Tas ut av Aksello avtale.





### 9 Revisjon av avtalebestemmingar

Avtalen kan endrast etter forhandlingar. Eventuelle endringar og tillegg må være skriftleg dokumentert og signert av begge partar for å være gyldige.

Ja, eg treng nøkkel for tilkomst til kontorlokale utanom ordinær opningstid kvardagar 08-16.

Nei

Kryss av det som er relevant

Denne avtala er utarbeidd i 1 eksemplar, der Deltakar beheld original og Leverandør kopi.

Stad, den \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
På vegne av Leverandør

\_\_\_\_\_  
På vegne av Deltakar





## Avtale deltaking i pre-inkubator

Mellom	Firmanavn:	_____	som 'Leverandør'
	Foretaksnummer:	_____	
	Adresse:	_____	
	Primærkontakt:	_____	
	Sekundærkontakt:	_____	
og	Firmanavn/prosjekt:	_____	som 'Deltakar'
	Adresse:	_____	
	Poststad:	_____	
	Kontaktperson:	_____	
	Mobil:	_____	
	E-post:	_____	
	Evt. Foretaksnummer:	_____	

### 1 Bakgrunn og formål

Inkubator er eit verkøy for nyskapande vekstbedrifter og grunderar. Formålet er å gjere bedriftsutviklinga meir effektiv og dermed auke vekst, verdiskaping og overlevingssevne i bedriftene. I pre-inkubasjonsfasen vurderast idear eller bedrifter som lovande, men fortsatt noko umoden eller det er uklart om gründerbedrifta oppfyll opptakskrava til inkubatoren. I denne fasen vil idear vidareforedlast og vurderast for eit mogleg opptak til inkubatoren.

Formålet med avtalen er å regulere forholdet mellom NN, som drivar og Leverandør av inkubatorprogrammet, og Deltakar, om inkubatorbistand.

Til grunn for avtala ligg dei til ein kvar tid gjeldande *Standard vilkår for inkubasjon* som framgår på Leverandørens webside.

### 2 Tenester

Gjennom avtala får Deltakar tilgang til rådgjeving, tilførsel av kompetanse og nettverk. Dette kan eksempelvis være oppgåver som ;

- Rådgjeving og tilførsel av kunnskap og erfaring innan forretningsutvikling. Inntil 4 timar arbeidsforbruk for Leverandør per månad.
- Deltaking på seminar, workshop og kurs arrangert av Leverandør.
- Deltaking på eksterne kurs med invitasjon frå Leverandør.
- Tilgang til Leverandør sine samarbeidspartnarar og nettverk.
- Assistanse til å kontakte investeringsmiljøa.
- Kopling mot relevant næringsliv, samt relevante forskings- og utviklingsmiljø.
- Assistanse innan immaterielt rettsvern (patent, varemerke, mønsterbeskyttelse, osv).

For einskilde tenester, kurs og arrangement vil det inngå ein eigenandel. Nokre tenester blir tilbydt Deltakar til sterkt reduserte prisar. Det er Leverandør som avgjer om verksemdar i pre-inkubator skal inviterast til fellesarrangement.



### 3 Deltakaravgift

Månadleg deltakaravgift er kr 1 200 eks. mva.

Leverandøren arbeidsforbruk ut over 4 timar per måned, samt eventuelle spesialoppdrag, blir fakturert etter avtalte satsar. Unytta timar kan ikkje overførast til påfølgjande måned.

### 4 Avtalens varigheit og opphøyr av avtale

Avtale gjeld frå \_\_\_\_\_ (dato og år), og partane sin intensjon er eit avtaleforhold inntil 3 månader. Begge partar kan seia opp avtalen med ei oppseiingsfrist på 2 - to – veker med verknad frå den 1. i påfølgjande måned.

Dersom Deltakar endrar oppdragets innhald eller omfang i vesentleg grad, kan Leverandør seie opp avtalen omgåande.

### 5 Deltakar sine oppgåver

- Deltakar skal utarbeide, vedlikehalde og følgje ein forretningsplan og/eller prosjektplan for si verksemd.
- Deltakar skal rapportere på framdriftsplan, status utvikling, nye faktorar, samt viktige strategiske avgjerder og samarbeidsaktørar. Rapportering skal skje til fast frekvens bestemt av Leverandør.
- Deltakar skal skriftleg informere Leverandør snarast dersom det oppstår hendingar som har betydning for Deltakar og/eller den vidare utviklinga av forretningsideen.
- Deltakar har rett og plikt til å delta på fellessamlingar i inkubator.
- Leverandør skal være informert om og ha anledning til å delta på møter mellom Deltakar og virkemiddelapparatet.

Kommentert [E1]: KPSF har ikkje dette som krav for pre-inkubatorbedriftene, men at vi vurderer kva samlingar dei bør og skal delta på. Takast ut av KPSF sin avtale.

### 6 Profilering

Leverandør har eiga webside for å profilerer inkubatoren og inkubatorverksemdene. I samband med dette skal Deltakar bidra med logo og informasjon om si verksemd for innlegging på heimesida.

Deltakar vil få tilgang til Leverandør sin logo, som skal i dei rette samanhengar (eks websida til Deltakar) illustrere at Deltakar er ein del av Leverandøren sin inkubator.

### 7 Revisjon av avtalebestemmingar

Avtalen kan endrast etter forhandlingar. Eventuelle endringar og tillegg må være skriftleg dokumentert og signert av begge partar for å være gyldige.

Denne avtala er utarbeidd i 1 eksemplar, der Deltakar beheld original og Leverandør kopi.

Stad, den \_\_\_\_\_


\_\_\_\_\_  
På vegne av Leverandør

\_\_\_\_\_  
På vegne av Deltakar



## 160601 AS-IS Inkubator

Tenester		Fram Flora	KPSF Sogndal	KPSF Førde	KPSF Strym
Kontorfasilitetar/miljø	Arbeidsplass i opent landskap	Ja	Ja	Ja	Ja
	Trådløst nettverk	Ja	Ja	Ja	Ja
	Skrivar/kopimaskin/skanner	Ja	Ja	Ja	Ja
	Låsbart skap	Ja	Ja	?	?
	Møterom med konferanseutstyr	Ja	Ja	Ja	Ja
	Arbeidsrom	Ja	Ja	Ja	Ja
	Kjøkken med kaffi/frukt	Ja	Ja	Ja	Ja
	Eige kontor	Ja	Ja	Ja	Nei
	Tilgang til miljø (andre bedrifter/grøn)	Ja	Ja	Ja	Ja
Anna:			Auditorium, kantine,	Testfasilitetar/prototyp	Testfasilitetar/prototyp
Rådgjeving (intern/ekstern)	Forretningsutvikling	Intern	intern		
	Idéutvikling	Intern	intern		
	Selskapsutablering	Intern/ekstern	Intern / ekstern		
	Selskapsstruktur/team	Intern/ekstern	Intern / ekstern		
	Markedskompetanse	Intern/ekstern	intern / ekstern		
	IPR	Intern/ekstern	Intern / ekstern		
	Konsept/produktutvikling	Intern/ekstern	intern / ekstern		
	Funksjon/design	Intern/ekstern	intern / ekstern		
	Finans og drift	Intern/ekstern	Intern		
	Juridisk	Ekstern	ekstern		
	Coaching og kobling	Intern/ekstern	Intern/ekstern		
	Finansering/støtteordningar	Intern/ekstern	Intern / ekstern		
	Prosjektledelse	Intern/ekstern	Intern		
	Kommersialisering/markedsføring	Intern/ekstern	Intern / ekstern		
Nettverk (økosystem?)	Samarbeidsverksemdar	Sjå økosystem	Sjå økosystem (excel)		
	Partnere	Sjå økosystem	Sjå økosystem (excel)		
	Eligarar	Sjå økosystem	Sjå økosystem (excel)		
	Andre	Sjå økosystem	Sjå økosystem (excel)		
Finansiering		Inkubatorbedrifter mottar inntil 75% støtte gjennom SIVA midler	Inkubatorbedrifter mottar 75% Innovasjonsstøtte på inkubatortenester gjennom vår programfinansiering. Inkubatoren har krav på eigarandel i Inkubatorselskapa, og vi investerer av vår egenkapital samt gjennom nyetablert pre-såkorfond. Jobbar med å etablere fylkesdekkende investornettverk (BAN Sogn og Fjordane). Avtale med HISF og Helse Førde der dei finansierer forretningsutvikling- og kommersialiseringstenester for idear frå studentar og tilsette/forskarar.		
Kurstilbod			Intern / ekstern		
Verktøy/system		Forretningsplan, presentasjonsmalar, Risikooanalyse, SWOT, forretningsmodellering mal, Smartsheet prosjektplanlegging, aksjonæravtale, taushetserklæring, PLP verktøy, budsjettmalar, pitchtrening, markedsstrategi, aktivitetsskalender, styreinstruks. Interne kurs: Lean Startup, Forretningsmodellering og Pitchtrening (månadleg)	Budsjettmalar (excel), kontraktsforslag, diverse presentasjonsmalar, malar for forretningsmodellering og forretningsplan, mal for sluttreportar, mal for prosjekt- og milepælsplan, konkurranseanalyseverktøy, fortrolighetsavtale, taushetserklæring, IPR-kartlegging, aksjonæravtale, pitchtrening	Forretningsplan, presentasjonsmalar, Risikoanalyse, SWOT, forretningsmodellering mal, Smartsheet prosjektplanlegging, aksjonæravtale, taushetserklæring, budsjettmalar, markedsstrategi, opplæringsverktøy	Budsjettmalar (excel), forretningsmodellering, prosjekt- og milepælsplan, konkurranseanalyseverktøy, IPR-kartlegging, aksjonæravtale, presentasjonsmalar, fortrolighetsavtale, pitchtrening
Bransjefokus		Industri; Marin, Maritim, Olje/gass, fornybar energi	Breddefokus. Historisk har vi hatt inkubatorbedrifter innanfor følgjande bransjer; Energi, FoU/Undervisning, Helse, IKT, Industri, Mat og natur, Reiseliv, Tjenesteyting  (Helseinnovasjon, Velferdsteknologi, Idrett og trening, App og internettbaserte tenester, IT programmeringstjenester, Kunst og kultur, Olje og gass, Fornybar energi, Undervisning, Foto og film, Reiseliv, Mat og natur, Kybernetikk og robotikk, Verksindustri, Trevareindustri)		



20160527 Mal Kompetansematrise

Utdanning: Grad/ernmekurs frå universitet/høgskule  
 Erfaring: Yrkeserfaring og styreverv

Kompetanse	Entreprenørskap	Økonomi- og administrasjon	Sal- og marknadsføring	Ledelse/-personal	Ingeniør	Informasjons- teknologi/- datateknologi	Samfunns- vitenskap	Medisin/- sjukepleie	Juss
Bransje									
Annet (beskriv)									
Energi									
FoU/Undervisning									
Helse									
IKT									
Industri									
Mat og natur									
Reiseliv									
Tjenesteyting									

Jf. Bransjekategorisering i AVI (SIVA)



Utdanning  
 Erfaring  
 = Kompetanse

Matrisa fyllast ut enkeltvis pr tilsett ved at ein legg inn fargekodar der dette er relevant. Derneist blir dette samla i felles oversikt som syner samla kompetanse (og kompetansehol) pr selskap.

## Fram Flora

Bransje	Kompetanse	Entreprenørskap	Økonomi- og administrasjon	Salg og markedsføring	Ledelse/ personal	Ingeniør	Informasjons- teknologi/ datateknologi	Samfunns- vitenskap	Medisin/ sjukepleie	Juss
Arnei (beskriv)										
Energi										
FoU/Undervisning										
Helse										
IKT										
Industri										
Mat og natur										
Reiselv										
Tjenesteyting										

## Kunnskapsparken

Bransje	Kompetanse	Entreprenørskap	Økonomi- og administrasjon	Salg og markedsføring	Ledelse/ personal	Ingeniør	Informasjons- teknologi/ datateknologi	Samfunns- vitenskap	Medisin/ sjukepleie	Juss
Arnei (beskriv)										
Energi										
FoU/Undervisning										
Helse										
IKT										
Industri										
Mat og natur										
Reiselv										
Tjenesteyting										